

Heilt til topps i skulemeisterskapen i bridge

Nore Nesi 1 gjekk heilt til topps i skulemeisterskapen i bridge.

► OSLO

Den nasjonale skulemeisterskapen i bridgde gjekk av stabelen på Løren i Oslo i helga. Os juniorbridgeklubb hadde med seg to lag frå Nore Nesi barneskule og begge gjorde ein solid innsats i meisterskapen.

Men det var berre eitt av laga som fekk med seg hard valuta for innsatsen. Gjengen på Nore Nesi 1, beståande av Mie Louise Askeland Døsen, Ole Morten Lyhammer Solberg, Annicka Lyssand Skaathun og Catharina Lundal, gjekk nemleg heilt til topps i klassen for barneskule-elevar. Premien var på solide 5.000 kroner.

Lange økter

I løpet av laurdag og søndag gjenomførte Nore Nesi-laga 10 kampar à fem spel, inkludert eit internoppgjer. Her var det andrelaget som gjorde det best. Lennea Lundal, Julie Nordfond, Edel Kofoed Rimstad og Emilie Hausvik vann denne runden 7-3.

Andrelaget oppnådde totalt sett best poengsum av Nore Nesi-laga, men ettersom Edel går på ungdomsskulen, måtte dei konkurrera i ein klasse over.

Førstelaget hadde utelukkande deltakarar i barneskule-alder og vart til slutt altså best i denne klassen.

Pengar til klubben

Sjølv om dette var ei skuleturnering var det Os juniorbridgeklubb som hadde med seg elevane. Difor er det også dei som får premiekken.

– Me får sjå kva me skal nytta pengane til. Det kan vera utstyr, og det kan vera tur og konkurranse. I sommar er det ei juniorbridgesamling på Austevoll og ei i Sandefjord. Kanskje gjengen får høve til å reisa på ei av desse, seier lagleiar Leif Juvik.

Lagleirkollega Torhild Rasmussen er strålende nøgd med dei unge norenesingane sin innsats.

– Dei spelar med stort pågangsmot og har trua på seg sjølv. Det kjem ein langt med, ler ho, og legg til:

– I fleire av kampane spelte dei mot ungdom som har spelt bridge mykje lengre enn dei, men enda likevel opp med å vinna. Det er sterkt, sryter Rasmussen.



VINNARANE: Gjengen på Nore Nesi 1 fekk stor sjekk og måtte forevigast. Ikkje alle var like klar for posering. Frå venstre Catharina Lundal, Mie Louise Askeland Døsen, Ole Morten Lyhammer og Annicka Lyssand Skaathun. (Alle foto: Leif Juvik)



INTERNMØTE: Nore Nesi 1 møtte også Nore Nesi 2 i løpet av turneringa.



TRONGT OM PLASSANE: Totalt 24 lag var i aksjon i skulemeisterskapen i Oslo.